

## Møtereferat

Dato: 10.09.2015

Emne:	<b>Referat frå førebuande møte 10.09.2015</b>		
Til stades:	Anne Sara Svendsen og Marianne Haaland		
Forfall:			Sak: 2015/9256-2
Møtetid:	9.00-9.45	Møtestad:	

Møteleiar:

Referent: Marianne H.

Bakgrunnen for møtet er vedtak i OPHE 03.06.2014:

«Fylkesutvalet vedtek å starte utprøving av ei ordning med praksisbrev. Ordninga skal starte opp med verknad frå hausten 2015 og evaluerast årleg. Etter gjennomført prøveperiode på 2 år skal det utarbeidast ein sluttrapport som grunnlag for å avgjere om ordninga skal gjerast gjeldande permanent.»

Som dokumentasjon for ordninga ligg sak 2014/12056 med utgreiing av ordninga og erfaringar frå andre fylke.

Udir har forlenga forsøksordninga etter ei prøveperiode, for 2015-17. Det er laga midlertidige læreplaner for 17 fag. Fylkeskommunar kan søke om deltaking i forsøk – fristen er frå skulestart hausten 2015.

**Framdrift:**

**Mål: etablere eit tilbod i Hordaland frå hausten 2016.**

Kva avdeling på opplæringsavdelinga har hovudansvar for etablering av tilbodet – skule eller fagopplæring?  
**Leiargruppa avgjer.**

Opprette ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe med ansvar for utforming av forslag til ordning i Hordaland. Deltakarar Anne Sara og Marianne. Ein til frå kvar seksjon pluss ein deltakar frå fellesseksjonen (økonomi) Linda/Torbjørn forelsår. Første møte i veke 39 – **Marianne kallar inn.**

Det ligg føre mykje dokumentasjon på ordninga, mellom anna sak frå OPHE, materiale frå Rogaland fylke og sluttrapport frå NIFU v/Håkon Høst.

**Punkt som må avklarast:**

- Aktuelle skular i Hordaland – 2 skular. Skal det lysast ut eller skal vi plukke ut skular?
- Aktuelle programområde – prøve ut 2 i første omgang. Skulane må delta i utvelging av fag.
- Rekruttering av læreplassar – må vere klart før skulestart 2016.

- Kostnader – kva er kostnadene, sette av i budsjettet
- Framgangsmåte – utlyses i søkjarkatalog eller utplukking på aktuelle skule?

Kan vi søkje om midlar – Anne Sara sjekker med udir om fristen er gått ut.